

Årsmelding 2018 for Vestnes Eldreråd.

Eldrerådet skal etter loven vere eit rådgjevande organ for kommunen. I Vestnes kommune vel dei 4 pensjonistlaga i kommunen kvar sin representant med vara til Vestnes Eldreråd. I tillegg vel Vestnes kommunestyre to representantar. Eldrerådet vel sjølv sin leiar.

Noverande eldreråd har fungert frå hausten 2015 og avsluttar 2019. Etter kommunevalet blir det vald nye medlemmar til Vestnes Eldreråd.

Vestnes Eldrerådet har hatt fylgjande samansetting:

2 personer vald av Vestnes kommunestyre (Karin Pedersen og Lars Christian Fjørtoft)
1 person frå Vestnes Pensjonistlag Kaare Lervik har vært medlem de siste par årene.
1 person frå Tresfjord Pensjonistlag. (Knut Romestrand)
1 person frå Tomrefjord Pensjonistlag. (Signe Frostad).
1 person frå Vike Pensjonistlag. (Arne Vike)
Alle med personlege vara.

Administrasjonssjefen har fylgd opp Vestnes Eldreråd på ein god måte. Fått utarbeidd saksdokument til kvart møte, fått fagpersonar til å orientere om sakene der dette var nødvendig. Administrasjonssjefen har sjølv vore i dei fleste møte til Eldrerådet. Vidare har fleire administrative leiarar og andre fagpersonar vore med for å orientere og klargjøre sakene.

Med ei slik god oppfølging meiner medlemmane i Vestnes eldreråd at vi har blitt tatt vare på og fått den oppbakking som har vore nødvendig og i pakt med lovverket.

Det har i 2018 vore 7 møte i Eldrerådet og dei har behandla 31 saker. I to av desse møta har den fyrste delen vore saman med Rådet for funksjonshemma. I dei to fellesmøta har mellom anna økonomiplana 2019-2022 og høyring av budsjett for 2019 vore presentert. Denne ordninga har fungert veldig bra.

Den store saka i 2018 i Vestnes Eldreråd, har vore helsehuset Stella Maris. Eldrerådet har i dei fleste møta blitt oppdatert i utviklinga i planarbeidet som har vore omfattande. Eit slikt stort prosjekt krev nøye planlegging. Det skal vere mange personar med forskjellige oppgåver som skal arbeide her. I tillegg skal det vere mye nytt utstyr som skal utføre andre funksjonar og løyse nye oppgåver. Også Eldrerådet har vore med i et av dei utvala som planlegg bygget og omgjevnadane.

På det fyrste møte som var halde den 14.02.2018 var ei kartlegging av korleis eldreråda i Møre og Romsdal fylke oppfatta sitt arbeid. Det var ei gransking som galdt alle kommunane i fylket. Her var det ulike oppfatningar om korleis eldreråda fekk støtte og oppbakking frå den kommunale administrasjonen si side. Dette var mellom anna innkalling til møte, handsaming av saker til møta m.v. Elles vurdering av verdien av det arbeid Eldrerådet i vedkomande kommune gjorde.

Her kom Vestnes Eldreråd ut av denne spørjeundersøkinga på en god måte. Men mange andre kommunar i Møre og Romsdal fylke meinte at deira eldreråd ikkje fekk den nødvendige oppbakkinga slik lova krev.

Andre saker som har opptatt Vestnes eldreråd og som har vore handsama, er tilbod om legehjelp. For dei eldre er dette ei viktig sak. Vestnes kommune har i dag eit samarbeid med legane i Ørskog og Ålesund. Her ble Vestnes eldreråd oppdatert på det arbeid som blir gjort for å sikre legedekning både kvardag og helg.

Velferdsteknologi er eit stikkord som er brukt i mange samanhengar. Dette er ei sak som Eldrerådet har tenkt mykje på, og hatt oppe til handsaming ved fleire høve. Det er ei stor utvikling av nye produkt som kommunane må ta i bruk. Både for å få mest mogleg ut av kronene, men samtidig satse stort på å utdanne det personale som skal bruke alt dette nye utstyret som etter kvart blir teken i bruk. Her har Eldrerådet blitt godt orientert om det samarbeid som er i gang i dag med andre nabokommunar. Her vil eit slikt samarbeid sikre at desse samarbeidande kommunane står langt sikrare både når det gjelder kjøp av rett utstyr, og ei grundig opplæring av dei som skal bruke dette utstyret.

Heile tida er det nødvendig å fylgje opp med regulering av nye områder som skal takast i bruk i kommunen, og allereie områder som er i bruk, men som treng reguleringsendringar. Vestnes eldreråd har vore interessert i å sjå og bli orientert om dei aller fleste reguleringsplaner og omreguleringane. Her er det ofte mykje å hente for den eldste generasjon. Gangveggar, kryss av vegar og liknande er viktige område for eldre, enten dei eldre går i roleg gange, eller dei nyttar rullator eller rullestol.

Årsmeldinga for 2017 for Vestnes kommune er ei viktig sak. Her kjem mykje av det som er gjort i året før fram. Likeså kjem det fram kva nye oppgåver som kommunen er pålagt og korleis desse oppgåvene er utført. Difor forklarar årsmeldinga dei store og mange oppgåvene som kommunane er pålagte ved nye lover, endra lover, forskrifter og standardar. Vestnes eldreråd meiner at forutan langtidsplanen, budsjettet er rekneskapen og årsmeldinga viktige saker som eit eldreråd må legge stor vekt på i sitt arbeid.

For mange eldre betyr fysioterapi og rehabilitering veldig mye dersom ein skal klare seg i kvardagen. Difor har Vestnes eldreråd fylgt opp desse sakene i sine møter. Sakene ble tatt opp i rådet, og personer frå administrasjonen gjekk gjennom dei tilbod Vestnes kommune har på desse områda. Korleis gangen er når behov for fysioterapi eller rehabilitering blir rapportert inn. Kven i kommunen som har ansvar for desse oppgåvene, og kva den einskilde får orientering om.

Slagpasientar er også ei gruppe som er aktuelle med gode tilbod som må raskt på plass. Det er i mange tilfelle gode moglegheiter å gje tilbod som gjer pasienten rimeleg frisk.

Ei viktig sak – Leve hele livet – som bygger på Stortingsmelding nr. 15 frå 2017-2018 var til ei grundig handsaming i Eldrerådet.

Gjennomføring av Eldredagen i Vestnes er det Vestnes eldreråd som tek initiativ til. Eldredagen er 01.10. Då det er fleire dyktige organisasjonar i kommunen, har det blitt praksis at Eldrerådet peikar ut ein organisasjon som tek på seg ansvaret og organiserer Eldredagen. Eldrerådet vedtok at Tresfjord Bygdekvinnelag skulle få organisere denne dagen i 2018. Tresfjord Bygdekvinnelag fekk til eit flott arrangement der mange deltok. Aulaen eller

gymnastikksalen ved Tresfjord oppvekstsenter vart nytta, og Bygdekvinnelaget skapte ei flott ramme om arrangementet.

Eit skriv frå Tresfjord pensjonistlag om fleire sjukeheims plassar ved det nye helse- og velferdssenteret vart handsama i Vestnes eldreråd. Framlegget frå Tresfjord pensjonistlag vart samrøysta støtta i Eldrerådet. Etter ei god handsaming i formannskap og kommunestyre, fekk forslaget om auke i sjukeheims plassar full støtte i Kommunestyret.

Tomrefjord pensjonistlag kom med skriv til Vestnes eldreråd der dei tok opp fleire saker. Mellom anna ville dei ha ei betre samhandling mellom dei 4 pensjonistlaga i kommunen og Vestnes eldreråd. Dette framlegget vart fylgd opp.

På grunnlag av eit framlegg om sambuargaranti om felles rom på sjukeheim, vart denne saka også teke opp i Vestnes kommunestyre. Vestnes eldreråd fekk saka til uttale, men valde å sette denne ut til påvente om meir informasjon.

I eit av dei felles møta mellom Rådet for funksjonshemming og Vestnes eldreråd, vart saka om planlegging av arealet rundt helse- og omsorgssenteret. Det vart vald personar frå begge råda som skulle arbeide i ei nemnd som skulle finne ei god løysing. Frå dei to råda kom det fram at det måtte leggast mest vekt på framkommelegheit for dei som var funksjonshemma, brukte rullestol, rullator eller liknande.

Det har vore semje i dei fleste sakene i Vestnes eldreråd. Likeeins har kvart medlem av Eldrerådet satt seg godt inn i sakene, og kome med gode innlegg når sakene blei handsama.